

Til arbeidsgruppa for studierevisjonsarbeidet,

Vi viser til arbeidsgruppa sin invitasjon til å føreslå fagsamansetning på 1.-3. studieår. Dei underskrivne og andre i formuerettsmiljøet har forsøkt å følgje opp denne invitasjonen. Vi hadde eit møte den 3. oktober, der vi vurderte alternative løysingar. Til stades på heile eller deler av møtet var avsendarane av dette innspelet, i tillegg til dei emneansvarlege for dagens tingsrettkurs.

Vi har ikkje kome langt nok i prosessen til at vi kan setje fram eit konkret forslag som vi alle sluttar oss til. Vi finn det likevel naturleg å gi arbeidsgruppa ei orientering om innhaldet i diskusjonen vi har hatt så langt.

Diskusjonen har krinsa rundt dei vedlagte (alternative) utkasta, og moglege mellomløysingar basert på desse. Visse forhold synest det i hovudsak å vere semje om blant avsendarane av denne oppsummeringa:

- Undervisning i avtalerett/dagens Kontraktrett I kan med fordel kome tidleg på 1. studieår. Behandlinga av avtl. § 36 kan flyttast til 3. studieår, noko som mellom anna vil gi rom for å inkludere juridiske personar som tema («kven kan inngå avtalar?»).
- Dagens Kontraktsrett II og Pengekravsrett bør samlast i éitt kurs («Obligasjonsrett») lagt til hausten 3. studieår. Kurset inkluderer avtl. § 36 som tema, og bygger i tillegg vidare på/friskar opp kunnskap frå avtalerettsundervisninga på 1. studieår.

I begge dei vedlagte utkasta er det lagt opp til at 1. studieår gir studentane kunnskap om ulike rettsomgrep (eigedommsrett, sameigerrett, bruksrett osv) og reglar om etablering, overføring og opphøyr av slike rettar. Noko forenkla kan ein seie at det er tale om den privatrettslege delen av dagens tingsrettkurs, samtidig som det kan vere rom for å inkludere grunnleggande kunnskap om immaterielle rettar m.m.

Kunnskap om avtaleretten og reglane om formuegode vil gi eit grunnlag som andre kurs kan bygge vidare på i større grad enn i dag. Ikkje minst gjeld dette for kurset i arve og familierett, som også kan få fram kontrastar til dei alminnelege reglane. Emneansvarleg for arve- og familierett har i den samanhengen framheva at høvet til å trekkje vekslar på avtaleretten/reglane om formuegode vil vere størst dersom arve- og familierettskurset kjem rett etter desse.

Frå tingsrettsmiljøet si side har det blitt peika på fordelane med dagens plassering og innhald i tingsrettkurset. Ei endring av tingsrettundervisninga i tråd med dei to utkasta, føreset at «den forvaltningsrettslege delen» av dagens tingsrettkurs blir flytta til 2. studieår, enten som ein inkorporert del av eit større forvaltningsrettkurs eller som ein separat bolck med felles eksamen. Som del av den same pakkeløysinga er det i utkast A lagt opp til eit semi-obligatorisk emne i miljørett.

I utkast B er avtaleretten slått saman med reglane om formuegode (jf. ovanfor) og lagt opp som eit kurs i privatrett. Det er delte meingar om kor føremålstenleg dette er. Ei samanslåing vil vere eigna til å få fram at alle desse reglane er gjennomgripande i privatretten, men emneansvarleg for Kontraktsrett I har samtidig framheva at det kan vere vanskeleg å gjennomføre ei heilskapleg pedagogisk tilnærming i eit kurs som langt på veg er meint å vidareføre to eksisterande emne (K1 og store deler av tingsretten). Emneansvarleg for Kontraktsrett I går såleis inn for to separate kurs (som i utkast A).

Med vennleg helsing

Rune Sæbø

Thomas Eeg
 Jan-Ove Færstad
 Arnt Skjefstad
 Maria Veia Lund

Forslag fagsamansetning-A

1.	Juridisk forprøve (10 sp) ("Metode I")	Avtalerett (10 sp)	Formuesgode (10 sp)	Arve- og familierett (10 sp)	Skadebot (10 sp)	Metode II (10 sp)
2.	NIRI Rettsstat og menneskerettar (X sp)		Alm. forvaltningsrett		Ressursforvaltningsrett (Y sp)	Ex.Phil (10 sp)
3.	Obligasjonsrett (30 sp, evt haust)			Retts historie og komparativ rett (10 sp)		
				Semi-obligatorisk emne (10 sp)		
				1) Skatterett 2) Barnerett og barnevernsrett 3) Miljørett 4) Skadebot II (ikkje-integritetskrenkingar)		
				Engelskspråkleg valemne (10 sp)		
Alt. for heile semesteret: utveksling (30 sp)						

Forslag fagsamansetning-B

1.	Juridisk forprøve (10 sp) ("Metode I")	Privatrett Avtaler og formuesgode (20 sp)		Statsrett/NIRI (20 sp)	Metode II (10 sp)
2.	Arve- og familierett (10 sp)	Skadebot (13 sp)	Alm. forvaltningsrett	Ressursforvaltningsrett (27 sp)	Ex.Phil (10 sp)
3.	Obligasjonsrett (X sp/haust)			Retts historie og komparativ rett (10 sp)	
				Valemne (10 sp)	
				Engelskspråkleg valemne (10 sp)	
				Alt. for heile semesteret: utveksling (30 sp)	